

## **Fordelingsprinsipp for tildeling av treningstider og arrangement i Høyangerhallen**

*Idrettar som har sin naturlige idrettslege aktivitet inne skal ha fortrinnsrett ved tildeling av treningstid.*

### **Definerte hall-/inneidrettar:**

A) handball/volleyball/basket/innebandy/basis/gym og turn/futsal\*

B) kampsport/bordtennis/dans\*\*/badminton (kan utøvast i mindre salar/areal).

\* Kun den delen av aktiviteten som oppfyller kravet til 6 mnd. sesonglengde.

\*\* Kun dei av greinene som krev meir enn 3 meter takhøgde.

### **RAMMETID**

Rammetid for trening i Høyangerhallen er i tida kl 1600 – 2200 måndag t.o.m. fredag (august – mai).

### **KJERNETID**

Kjernetid i Høyangerhallen er i tida kl 1600 – 2030 måndag t.o.m. fredag.

### **ARRANGEMENT**

Følgjande vert vektlagt ved prioritering mellom ulike søkjarar:

- Idrettsarrangement har prioritet framfor andre arrangement.
- Terminfesta seriekampar i regi av krets, forbund og lag.
- Inneidrettar skal prioriterast framfor uteidrettar.
- Trening må vike for arrangement som messer, konsertar o.l.

### **FAST TRENINGSTID**

Følgjande grupper skal prioriterast:

- Lag, skular og organisasjonar heimehøyrande i Høyanger kommune.
- Alle registrerte idrettslag tilknytt NIF i Høyanger kommune skal vurderast likt etter søknad. Dette gjeld kun i kjernetida. Utanom kjernetid prøver ein å få plass til alle som søker om halltid.

Følgjande vert vektlagt ved prioritering mellom ulike brukargrupper:

- Grupper med barn og ungdom i alderen 6 – 19 år skal prioriterast.
- For utøvarar under 12 år vert allidrett prioritert framfor særiddrettar.
- Barn og ungdom (13 - 19 år) skal prioriterast framfor vaksne ved tildeling av tid.
- Inneidrettar er prioritert framfor uteidrettar.
- Idrettslag er prioritert framfor bedriftsidrettslag, organisasjonar/foreiningar og mosjonsgrupper.
- Idrettar med hovudsesong utandørs/sommartid, og som på vinteren har alternative treningsmoglegheiter ute, prioriterast sist.

- Høyangerhallen er også open for uorganisert fysisk aktivitet. Folkehelseperspektivet vil bli trekt aktivt inn i bruken av hallen, og dette vil også gjere seg gjeldande ved fordeling av halltid/treningstid.
- Organisasjonar som har idrett og fysisk aktivitet som sitt hovudtilbod, vert i hovudsak prioritert framfor organisasjonar med annan aktivitet.

*Høyanger kommune v/kommunedirektør kan i spesielle høve avvike frå desse reglane.*

01.06.2021